

## Månadsbrev januar 2026

Godt nytt år! Eg vonar alle har hatt ein fin, om enn til tider kald, juleferie! Etter ein pause, prøver me på månadsbrev att.

Desember forsvann i ein fart i halvårsprøvar, øving til juletreffest, juleverkstad, teatertur, juletreffest, julegudsteneste og pyjamasdag. Det vart ein fin juletreffest med mange frammøtte og flinke elevar på scena. Vel blåst!

Januar plar vera ein **god arbeidsmånad**, og det ser slik ut i år òg. Som forelder er det viktig å støtta opp om lekser og skule, lesing og leik. I [ein artikkel i Stavanger Aftenblad](#) (02.01.26, sist oppdatert 04.01.26), fokuserer ein på å lesa **papirbøker**, fordi kjensla sit i fingrane (taktilt) og at det er lettare å hugsa kor på sida ein las noko på papir. Eg tek det som ein sjølvfølge at alle òg les bøker av lyst, men det er viktig både å bli lesen høgt for og lesa sjølv. Det same gjer me på skulen, og det kan rett som det er bli meir enn 15 minutt. "Viss vi ikkje evner å lese lange, komplekse tekster, evner vi ikkje å tenke lange, komplekse tanker. Vi får et fattigere språk, og snevrere forståelsesrammer.", seier Anne Mangen frå Lesesenteret i Stavanger. Det vil me jo ikkje, av mange grunnar, og dei lange kveldane nå er ypparlege til boklesing. Dei same tankane var Maja Lunde innom på foreldremøtet i fjor, sjølv om ho vinkla det frå ei litt anna side.



Nå MÅ alle elevar som tar buss ha **busskort**, både bussen sørover og nordover, og dei må trekkja det kvar gong dei går på bussen. Me gjekk litt tom for kort, men det er klart alle får vera med til me har oppdatert alle. Til dei elevane som bur nærare skulen, kan dei kjøpa kort og fylla på dette på bussen, men der melder sjåførar at det av og til er problem med å få registrert betalinga. Då kan det vera lurt å nytta [nettsida til Agder kollektivtrafikk \(AKT\) for kjøp](#), eller at dei elevane med smarttelefon lastar ned appen på mobiltelefonen. Elevane har vore flinke etter nyttår, er meldingane eg får, så det er berre å halda fram med gode vanar!



Sidan trivselsundersøkinga kom noko seint i år og det var mange som sikkert hadde litt av kvart anna å gjera i desember, er fristen utsett til onsdag 7. januar. Alle har fått påminning i Visma flyt skule, og nokre har brukt helga til å svara, men me vil gjerne ha fleire svar via lenka på heimesida.

Det blir SU-møte 14. januar, der me tar opp m.a. trivselsundersøkinga.

Kristina har full kontroll og oversyn som rektor, men eg skal vera på jobb 40% framover. Det kan vera greitt å vita når eg er på jobb, og det er førebels tysdag og onsdag på føremiddagen, og heile torsdagen. Elles svarar eg på e-post innimellom, eller sender det vidare til Kristina.

Sinnes 06.01.26 (13. dag jul)

Åse-Berit Fidjeland

